

VEKSTPROGRAM FOR BEREKRAFTIG REISELIV

Foto: Håvard Myklebust

Målgruppe vekstprogram for reiseliv

Programmet er retta mot etablerte reiselivsbedrifter på Sunnmøre med meir enn ein tilsett, som ynskjer

- å tilpasse seg og gjere strategiske endringar i forhold til utfordringar og moglegheiter som har oppstått med «det grønne skiftet» og koronapandemien
- berekraftig og lønsam vekst
- heilårsdrift

Bedriftene må vere motiverte og villige til å investere i eiga tid både i deltaking på samlingar og arbeid mellom samlingane. Det er ein fordel om bedrifta kan stille 2 deltakarar i programmet.

Kva vil bedrifta få igjen for å delta i programmet?

- **Bedrifta skal gjennom programmet få bistand, både gjennom gruppesamlingar og 1:1 rådgjeving - til å utvikle ein gjennomarbeida strategi og forretningsmodell med realistiske målsetjingar og marknadsverktøy, som gir bedrifta økt lønsemd og konkurransekraft**
- Bedrifta vil få bistand til å gjennomgå eigne produkt, tenester og prismodellar for å auke lønsemda
- Bedrifta vil lage ein konkret og prioritert handlingsplan for å oppnå si målsetjing om utvikling og vekst
- Bedrifta vil få eit styrka nettverk med andre, gjerne komplementerende aktørar innan reiselivsnæringa i regionen

Programdatoar:

- Samling 1, tirsdag- onsdag 19-20 januar (lunch-lunch samling)
- Samling 2, onsdag 3 februar (fysisk dagsamling)
- Samling 3, onsdag 17 februar (fysisk dagsamling)
- Samling 4, Bli-god-på-nett, februar/mars (digital samling)
- Samling 5, onsdag 24 mars (fysisk dagsamling med middag etterpå)
- 1:1 Rådgjevning til bedriftene undervegs, samt ettermøte med oppfølging av handlingsplan

Samling 1 – berekraftige forretningsmodellar

Læringsmål

- Deltakarane vil forstå kva berekraftig business er og korleis denne kunnskapen kan brukast til å designe berekraftige og lønsame forretningsmodellar i praksis
- Deltakarane vil arbeide med si eiga bedrift sin forretningsmodell og presentere denne/drøfte med dei andre deltakarane på neste samling
- Deltagarane vil bli kjent med sine egne ressursar og korleis desse kan nyttast som konkurransefortrinn

Foredragshaldarar

- ÅKP med bransjeeksempel frå Miljøfyrtårn-bedrifter



Samling 2 – Marknadsegmentering



Læringsmål

- Vi identifiserer marknadsutfordringer og muligheter som har kome med «det grønne skiftet» og koronapandemien. Gjennom bruk av MIT Disciplined Entrepreneurship modellen vil deltakarane forstå kva marknadsegmentering er – kven er kunden din og kva er ditt verdiløfte. Bedrifta vil arbeide med å definere si kjerne og konkurransefortrinn.

Foredragshaldarar

- ÅKP og DÅS samt inspirasjonsinnlegg frå relevante reiselivsdestinasjonar/bedrifter

Samling 3 – Prising og lønsemd

- Læringsmål
 - Deltakarane vil forstå marginer i reiselivsnæringen sammenligna med andre næringer
 - Korleis bygge riktig pris – kostnadar, marginar, markedsført/opplevd kunde verdi, referanseprisar og betalingsevne i ulike målgrupper
 - Gjennomgang og bruk av kalkyleverktøy
- Foredragshaldarar
 - Børre Berglund frå 2469Reiselivsutvikling. Børre har hatt sentrale posisjoner i den norske reiselivsnæringa, og dei seinare åra vore engasjert i fleire store utviklingsprosjekt i reiselivet. Han har blant anna leia utvikling av reiselivsstrategi for Vestlandet.



Samling 4 og 5 – Bli god på nett (digitale samlinger)

Læringsmål

- Deltakarane skal bli kjent med ulike typar digital marknadsføring, korleis bruke tid og ressurar på riktige kanalar, bli bevisst kor synleg ein er på digitale flater i dag og gjennom motivasjon, inspirasjon og kunnskap om ulike verktøy vurdere kva eins eiga bedrift kan gjere anleis/betre enn i dag

Foredragshaldarar

- Kreativ Industri– Bli god på nett har ansvar for gjennomføring av denne delen av programmet. Programmet tar for seg tema som «Hvordan utnytte sosiale medier i marknadsføring», «Søkemotoroptimalisering» og «Hvordan skrive for nett, billedbruk og film». Underveis i kurset får du mange tips og triks, og lærer blant annet om ulike verktøy innen sosiale medier, annonseringsplattformer, hva som egentlig skjer i et Google-søk, om enkle og gratis Google-verktøy, hvordan du tar litt bedre bilder og hvordan du lager videosnutter ved hjelp av en mobiltelefon.
- Kurset er praktisk retta, og det blir mange anledninger til å jobbe på eige nivå, med eiga bedrift.




Samling 6 – Avslutning

Deltakarbedriftene presenterer produkta dei har utvikla gjennom programmet, samt refleksjonar og målsetjingar for vidare vekst.

Inspirasjonsforedrag

Avslutning med felles middag



Praktiske detaljar

- Programmet har 4 fysiske samlingar, samt 2 digitale. Rådgjevning 1:1 kan gjennomførast både digitalt og fysisk
- Ein må pårekne noko tid til heimearbeid mellom samlingane
- Programmet er støtta av Møre og Romsdal Fylkeskommune og Ålesund Kommunes Næringsfond.
- Eigenandel per bedrift kan søkast subsidiert av SIVA – forutsett at bedrifta er/har vore råka av korona pandemien. I andre høve vil den vere kr 10 000,- per bedrift.
- Middag/overnatting på første samling dekkast av bedrifta.
- Meld di interesse for deltaking på mail til elisabeth.remoy@aakp.no innan 6. januar 2021.
- *Programmet har begrensa antall plassar. Ved fleire interessente enn det er kapasitet å ta opp i programmet, vil ein søke å ta opp bedrifter som er komplementære i tenestetilbod og regional tilhøyrrighet.*